



# INVITASJON til KICK-OFF 2024

*Tid/stad: Onsdag 7. februar 2024 kl 08:30-15:30* på Uppheim

*Målgruppe: STIM-gruppene i helse og omsorg, skule, barnehage, og reinhald, leiarar, folkevalde*

## Program

- 08:30-09:45    ***Status i Volda – kva skjedde i 2023, kva har vi gjort, lært og erfart?***  
*Heiltidserklæring, heiltidsplakatar, oppgåvekartlegging, trivselsarbeidrarar, digital turnusplanlegging, permisjonspraksis, utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi, Tørndeltaking*
- 10:00-12:00    ***Økonomiske kostnader og gevinstar ved å utvikle heiltidskultur i kommunale tenester*** v/Leif Moland, Fafo
- 12:00-12:45    Det vert servert enkel lunsj
- 12:45-13:15    ***Deltidsarbeid og pensjon*** v/Siril Solberg Linde, KLP
- 13:30-14:30    ***Relasjonelle og emosjonelle belastningar i arbeidet*** v/Marte Pettersen Buvik, Sintef
- 14:45-15:30    ***Kva bør heiltidsprosjektet ha fokus på i 2024?***  
*Gruppearbeid og dialog*

*Heimeside for Heiltidskultur i Volda kommune*

## ***Vel møtt!***

*Med vennleg helsing*

*Prosjektgruppa for heiltidskultur i Volda kommune*

*v/Berit Lyngstad og Nina Kvalen*



## HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



### Eksterne innleiarar



**Leif E. Moland** er forskar i Fafo innanfor område som innovasjon, organisasjonsutvikling, lean, arbeidstid, turnus, heiltids-/kompetansekultur, arbeidsmiljø og tenestekvalitet. Sidan 1990-talet har han forska på ulike tema relatert til heiltidskultur, og held ofte foredrag om tema. Moland er m.a. kjend for *heiltidshjulet* (kakediagrammet over), som viser gevinstar ein kan forvente å oppnå i tenester med heiltids- eller store deltidsstillingar. Heiltidshjulet inneheld åtte brukarrelevante kvalitetsvariablar (**grøn**), fem arbeidsvariablar som er særleg tilsette-relevante (**raud**), og seks driftsrelevante effektivitetsvariablar (**blå**), som er ein føresetnad for gode tenester og eit godt arbeidsmiljø.

*Publikasjonar:* <https://www.fafo.no/ansatte/leif-e-moland>



**Marte Pettersen Buvik** er forskar i Sintef. Ho har 17 års erfaring som arbeidsforskar og har leia forskingsoppdrag for ei rekke bransjar og næringar i privat og offentleg sektor. Hennar fagbakgrunn er arbeids- og organisasjonspsykologi med fokus på korleis individ og grupper fungerer og samspelar i ein organisasjon. Fagkompetanse og forskingerfaring er spesifikt knytt til psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø med fokus på førebyggande og helsefremmende arbeidsmiljøarbeid, teamarbeid og teamorganisering, smidige arbeidsprosessar, leiing, partssamarbeid og medverknadsprosessar, organisasjonsutvikling og endringsprosessar.

*Publikasjonar:* <https://www.sintef.no/alle-ansatte/ansatt/martepettersen.buvik/>



**Siril Solberg Linde** jobbar i KLP og gir pensjonsrettleiing til KLP-medlemmar i Møre og Romsdal. Nå kjem ho til Volda under Kick-off 2024 for å snakke om deltid og pensjon. Kor mykje du får utbetalt i pensjon avhenger av stillingsprosent, arbeidsinntekt og tal år du jobbar.

### Aktuelle linkar om deltid og pensjon:

- <https://www.klp.no/pensjon/offentlig-tjenestepensjon/alderspensjon/lurt-a-vite-hva-deltid-betyr-for-pensjonen>
- <https://www.klp.no/pensjon/hvilke-valg-om-jobb-og-penger-pavirker-pensjonen-din>
- <https://www.klp.no/pensjon/offentlig-tjenestepensjon/a-jobbe-deltid-pavirker-pensjonen-din>
- <https://www.klp.no/artikler/seniorer-som-en-ressurs--ikke-problem>